LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Projekt Planung AS
Kongens gate 31
0153 OSLO

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Knut Bjørnevoll | 08.12.2016 |
| Vår: 14/5771 - 16/33718 | KBJ@lindas.kommune.no | |

# Ferdigattest verkstad og lager - gbnr 209/20 Høyland

**Administrativt vedtak. Saknr: 589/16**
**Tiltakshavar:** Vestnorsk Brunnboring AS
**Ansvarleg søkjar:** Projekt Planung AS
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 21.11.2014. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.08.2016 og supplert 05.12.2016

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Høylandsvegen 333 |
| Bygningstiltak: | Verkstad- og lagerbygg |
| Bygningsnummer: | |
| Bruksareal: | 600 $m^2$ |
| Avlaup: | Privat |
| Vatn: | Privat |

**VEDTAK:**
Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for nytt lager/verkstadbygg på gbnr 209/20.
Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5771

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Knut Bjørnevoll<br>saksbehandlar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vestnorsk Brunnboring AS | Høylandsvegen 333 | 5913 | EIKANGERVÅG |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Projekt Planung AS | ngens gate 31 | 0153 | OSLO |